

**Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere**

## **vedkjennande**

Vi vedkjenner trua på og tilber Den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.

## **open**

Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.

## **tenande**

Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.

## **misjonerande**

Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

*I perioden 2019–2021 vil vi at:*

### **1. Gudstenestelivet blomstrar**

- Gudstenesta gir eit møte med det heilage, med Gud.
- Gudstenesta er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap.
- Gudstenesta knyter oss til den verdsvide kyrkja.
- Kyrkjelege vigslar feirar kjærleiken, og vi ber om Guds velsigning over samlivet.
- Kyrkja lar etterlatne møte omsorg og få oppleve ei verdig gravferd.
- Kyrkja varetar og fornyar kyrkjemusikken og gir rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.

### **2. Fleire søkjer dåp og trusopplæring**

- Medlemmer i Den norske kyrkja døyper barna sine.
- Alle døypte og tilhøyrande i alderen 0–18 år blir inviterte til trusopplæring som gjer at dei kjenner seg heime i kyrkja, og som gir kunnskap om kristen tru.
- Fleire barn og unge deltar i kristent barne- og ungdomsarbeid.
- Konfirmasjonstida gir fellesskap og næring til tru og liv.
- Aldersgruppa 18–30 år erfarer at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg.
- Kyrkja har trusopplæring for vaksne.
- Samisk kyrkjeliv er livskraftig og likeverdig; samisk og kvensk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.
- Teiknspråket og kulturen til døve blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.

### **3. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet**

- Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket.
- I samarbeid mellom kyrkjelydar og diakonale institusjonar fremjar kyrkja omsorg, verdigheit og respekt.
- Misjon er del av identiteten og oppdraget til kyrkja.
- Kyrkja er aktiv og synleg i media.
- Kyrkja styrkjer samarbeidet med skolar og barnehagar.
- Kyrkja som kulturarena er ein berebjelke i den posisjonen folkekyrkja har i samfunnet.
- Kyrkja oppsøker og tilbyr fellesskap til dei som er nye i Noreg.
- Kyrkja fremjar religionsdialog lokalt, regionalt og nasjonalt.

### **4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja**

- Kyrkja inspirerer til deltaking i frivillig teneste.
- Kyrkja sikrar gode arbeidsforhold for sine tilsette.
- Kyrkja styrkjer rekruttering til kyrkjeleg utdanning.
- Kyrkja medverkar til at fleire søkjer kyrkjelege stillingar.

**5. Den norske kyrkja har velfungerande demokrati og organisasjonskultur**

- Kyrkja har demokratiske ordningar som sikrar at ho bli styrt i samsvar med grunnlaget sitt og ønska til kyrkjemedlemmene.
- Kyrkja arbeider fram ei kyrkjeordning som varetar både lokal tilhøyrse og heilskapleg styring.

*Dette visjonsdokumentet vart vedtatt av Kyrkjemøtet 2018*